



# OPENHEITSLOVA

Openheitslova har som mål å fremje respekt for **menneskerettar og anstendige arbeidsforhold** i verksemder, samtidig som ho sikrar allmennheita tilgong til informasjon.

Gjennom aktsomheitsvurderingar vil verksemder kunne kartlegge, førebygge, begrense og gjere reie for korleis dei handterar eksisterande og potensielle negative konsekvenser av si verksemd.

Som ei ansvarleg verksemd er **DIMO AS** opptekne av openheit knytt til desse tema. Vi arbeider difor målretta for å etter leve krava som følge av openheitslova og søker kontinuerleg å forbetra oss på området.

## Organisering og drift

DIMO AS er ein av marknadens fremste leverandør av hydrauliske system. I 2024 tel vi ca 50 tilsette. Hovudkontor, produksjon og serviceavdeling er lokalisert på Hareid. I Ålesund (Breivika) har vi ei mindre avdeling med etablert slangeverkstad og Parker Store.

Våre leveransar inkluderer **hydrauliske produkt, komponentar og servicetenester** – størsteparten i den maritime marknaden. Vi leverer ei rekke produkt frå utvalte leverandørar i inn- og utland som vi må forsikre oss om følger menneskerettigheitane og legg til rette for gode arbeidsforhold.

## Retningslinjer

I DIMO AS følger vi etablerte retningslinjer for kvalitet, berekraft og innkjøp, samt etiske standardar, som sørger for å fremje respekt for grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold. Dette omfattar både vår eiga verksemd og våre leverandørkjelder.

Det er forventa at alle tilsette og innleidt personell skal etter leve vår kvalitetspolitikk og etiske retningslinjer der mellom anna respekt for menneske, miljø og sikkerheit er gjennomgående i våre etablerte verdiar.

## Vurderingar

Gjennom kontinuerleg oppfølging av våre leverandørar, ønsker vi å sikre at dei aktivt jobbar for å oppretthalde grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold, i tråd med våre retningslinjer.

I løpet av dei siste 12 månadane har det ikkje blitt oppdaga konkrete tilfelle av brot på grunnleggande menneskerettigheter eller anstendige arbeidsforhold, verken hos oss eller nokon av våre leverandørar.

DIMO AS er sertifisert etter ISO 9001:2015, som krev kontroll og planmessig gjennomgang av dei produkt og tenester vi leverer, samt regelmessige evalueringar av våre leverandørar.

## Rutiner og prosedyrer

Dersom ein leverandør eller forretningspartner bryt sine forpliktelsar i henhold til våre etiske retningslinjer, gir dette DIMO AS rett til å avslutte samarbeidet med dei.

Dersom våre leverandørar eller forretningspartnerar nyttar seg av underleverandørar, er det deira ansvar å sørge for at også desse overheld lova

sine krav om respekt for grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold. På førespurnad skal våre leverandørar eller forretningspartnerar informere DIMO AS om kva for underleverandørar dei nyttar.

## Aktsomheitsvurderingar

Vi har vurdert det til at risikoen for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i Norge er låg. Vi rettar derfor fokuset vårt mot utanlandske leverandørar når vi utfører akt somheitsvurderingar. Desse blir utført ein gong i året.

Vi har gjort akt somheitsvurderingar av eit utval av våre utanlandske leverandørar. Vi har ikkje avdekkta negative funn i leverandørkjeda så langt.

Ikkje alle leverandørar har respondert på leverandørundersøkingane som vi har sendt ut. Desse vil bli fulgt opp og purra på.

Det er ikkje blitt sett i gong tiltak for å rette opp i skade eller andre urovekkande forhold då vi ikkje har avdekkta forhold som gir grunnlag for dette.

Nye leverandørar og/eller forretningspartnerar, blir evaluert og vurdert med fokus på respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.



Stian Garnes  
Dagleg leiar DIMO AS